



MØTEINNKALLING

Utval: Administrasjonsutvalet
Møtedato: 20.09.2018
Møtetid: Kl. 13:00
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvissesteret.

Knut Harald Frøland
ordfører

SAKLISTE**Saker til handsaming på møtet**

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
004/2018	18/1272	Faste saker	
005/2018	18/1210	Arbeidstid og spisepausar for tilsette i Samnanger kommune	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 18/1272	Løpenr: 18/7297
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	20.09.2018	004/2018

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.
 Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
 Delegerte vedtak/referatsaker.
 Utvalet sitt kvarter.

Oversikt referatsaker som er melde inn til møtet:

Orientering om kommunalt frikjøp av tillitsvalde
 Informasjon om ny kommunelov



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-403
Arkivsaksnr: 18/1210	Løpenr: 18/7243
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	20.09.2018	005/2018

Arbeidstid og spisepauser for tilsette i Samnanger kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det skal på neste møte i administrasjonsutvalet leggjast fram oversikt som viser arbeidstid og spisepauser for alle grupper av tilsette i kommunen. Rådmannen må i tillegg leggja fram kva endringar ho meiner bør gjerast i forhold til i dag når det gjeld arbeidstid og spisepauser for tilsette.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Arbeidsmiljølova, hovudtariffavtalen, Kommunenes Personalhåndbok 2018

Kva saka gjeld:

I administrasjonsutvalet 24.05.2018 orienterte rådmannskontoret om at det i første møte hausten 2018 ville bli lagt fram ei sak om arbeidstid og spisepauser for tilsette i kommunen.

Bakgrunn for saka

1. Det har kome spørsmål til rådmannskontoret om arbeidstidsordninga som gjeld for kontortilsette m.fl. i kommunen. Arbeidstida for denne gruppa er 37,5 time inkl. spisepause i sommarhalvåret og 38,75 timar inkl. spisepause i vinterhalvåret (gjennomsnittleg arbeidstid for heile året er 38,125 timar pr. veke). Rådmannskontoret har fått spørsmål om det er mogleg å endra/forenkla denne ordninga, for eksempel slik at arbeidstida blir 37,5 time inkl. spisepause heile året.
2. Det har kome informasjon til rådmannskontoret om at tilsette opplever at kommunen ikkje har ein rettferdig praksis/til dels har ein tilfeldig praksis når det gjeld kva grupper som har betalt og ubetalt spisepause.

Arbeidstidsordninga for kontortilsette

Arbeidstidsordninga for kontortilsette m.fl. i kommunen er ikkje i samsvar med hovudregelen i den kommunale hovudtariffavtalen. Hovudregelen er at arbeidstida skal vera 37,5 timar kvar veke, og at spisepausen skal vera fritid (ikkje reknast inn i arbeidstida).

Kommunen si arbeidstidsordning for kontortilsette er så langt sakshandsamar forstår likevel ikkje tariffstridig. Årsaka til dette er ein sikringsregel i hovudtariffavtalen (§ 4.2.1). Denne sikringsregelen

seier at arbeidstida for tilsette innan kontoradministrasjon skal vera «den som nå gjelder i den enkelte kommune». Denne sikringsregelen har stått i hovudtariffavtalen sidan 1986/1987, og gjer at kontortilsette i kommunen framleis har krav på den arbeidstida som kontortilsette hadde i 1986. Arbeidstida for kontortilsette i kommunen i 1986 var den same som framleis gjeld i dag, jf. punkt 2 ovanfor i saksframlegget.

Rådmannskontoret har vore i kontakt med KS Medlemsservice, som har opplyst at sikringsregelen i hovudtariffavtalen § 4.2.1 er «ufråvikeleg» i begge retningar (arbeidstida kan verken forlengast eller forkortast i forhold til det som gjaldt i 1986). KS Medlemsservice har imidlertid også vist til at det i tariffoppgjeret 2018 vart teke inn ein merknad til § 4.2.1 i hovudtariffavtalen:

- «De lokale parter kan avtale at arbeidstiden for kontoradministrasjonen i stedet skal følge punkt 4.2 mot en økonomisk kompensasjon.»

«Punkt 4.2» er i denne samanhengen hovudtariffavtalen sin hovudregel om arbeidstid på 37,5 timar pr. veke. I praksis betyr merknaden at det vil vera høve for kommunen og fagforeningane å avtala at arbeidstida for kontortilsette skal endrast til 37,5 timar pr. veke, og at spisepausen skal koma i tillegg og vera ubetalt fritid. Dei kontortilsette må i så fall få ein økonomisk kompensasjon for denne utvidinga av arbeidstida.

Når det gjeld spisepausar for kontortilsette, går det fram på side 135 i Kommunenes Personalhåndbok 2018 (som blir utgitt av KS) at det som hovudregel vil vera tariffstridig å ikkje gje spisepausen som fritid for kontortilsette. Dette betyr at kommunen i dag i utgangspunktet ikkje har høve til å innføra arbeidstidsordning der spisepausen inngår i arbeidstida for kontortilsette.

Administrasjonsutvalet må ta stilling til om det skal arbeidast for å endra på arbeidstidsordninga for kontortilsette i kommunen.

Andre grupper i kommunen som har same arbeidstidsordning som kontortilsette

I Samnanger kommune har også nokre andre grupper den same arbeidstidsordninga som dei kontortilsette. Bakgrunnen for dette er mellom anna vedtak/avtalar som vart gjort i kommunen i 1987, om at tilsette ved vaskeriet, reinhaldarar, utearbeidarar, gravar m.fl. skulle ha same arbeidstid som tilsette ved kommunehuset.

Kor vidt det vil vera mogleg å endra arbeidstidsordninga for desse gruppene, har rådmannskontoret førebels ikkje hatt kapasitet til å sjå på. Dette må me derfor koma tilbake til dersom administrasjonsutvalet ønskjer å få ei vurdering.

Betalt eller ubetalt spisepause

For dei gruppene av tilsette som har arbeidstid som er i samsvar med hovudregelen i hovudtariffavtalen (37,5 timar pr. veke/35,5 time pr. veke for tilsette som arbeider turnus), er det nødvendig med ein gjennomgang for å bestemma om spisepausen skal vera betalt (inngå i arbeidstida) eller ubetalt (vera fritid).

Det går fram på side 134 i Kommunenes Personalhåndbok 2018 at som hovudregel skal ikkje spisepausane reknast som ein del av arbeidstida. Kor vidt spisepausen skal reknast som ein del av arbeidstida (vera betalt), er avhengig av om:

1. arbeidstakaren står til arbeidsgjevar sin disposisjon i pausen (jf. arbeidsmiljølova § 10-1 (1)).
2. spiserommet er tilfredsstillande (jf. arbeidsmiljølova § 10-9 (1)).
3. verksemda sin art gjer det nødvendig at arbeidstakaren blir på arbeidsstaden og står til arbeidsgjevar sin disposisjon i pausen, eller om arbeidstakar fritt kan forlata arbeidsstaden i pausen.

Rådmannskontoret har som nevnt ovanfor i saksframlegget fått informasjon om at ein del tilsette

opplever at kommunen ikkje har ein rettferdig praksis når det gjeld kva grupper som har betalt og ubetalt spisepause. Som følge av dette meiner rådmannskontoret at det er nødvendig å få sett opp ei oversikt som viser kva ordning ulike grupper av tilsette i kommunen har i dag (om spisepausen er betalt eller ubetalt). Denne oversikta kan leggast fram i neste møte i administrasjonsutvalet. Oversikta må også visa kva økonomiske konsekvensar det vil få dersom det skal gjerast endringar i forhold til noverande ordning for nokon grupper av tilsette.

Gjennomgang av generelle reglar for spisepausar (vedtekne av administrasjonsutvalet 05.06.2009)

Administrasjonsutvalet vedtok 05.06.2009 (sak 004/09) generelle reglar for spisepausar for tilsette i kommunen. Det kan no vera ønskeleg å sjå om det er behov for å gjera endringar/justeringar i desse reglane. Rådmannskontoret foreslår at dette blir ein del av saka som skal leggast fram i neste møte i administrasjonsutvalet. Reglane som vart vedtekne i 2009 er som følger:

Generelle reglar for spisepausar:

- Som hovudregel er spisepausen for tilsette i kommunen 30 minuttar. Dersom dette er praktisk vanskeleg å gjennomføra av tenestleige omsyn, kan spisepausen verta korta ned til minimum 20 minuttar. Arbeidsgjevar tek avgjerd om lengda på spisepausar.
- Dersom det oppstår tvil/usemje om ei gruppe av tilsette skal ha betalt eller ikkje betalt spisepause, skal einingsleiar ta avgjerd etter reglane i gjeldande lov- og avtaleverk. I tvilstilfelle skal einingsleiar rådføra seg med kommuneadministrasjonen.
- Dersom ein tilsett som normalt har ubetalt spisepause, ikkje får høve til å ta pause som oppfyller krava i Arbeidsmiljølova til ubetalt spisepause, har den tilsette krav på betalt spisepause den aktuelle dagen.
- Tilsette på ein arbeidsplass har ikkje rett på felles spisepause, men dersom tenesta ikkje er til hinder for det bør det leggast opp til felles spisepausar på arbeidsplassane.
- Tidspunktet for spisepause kan unntaksvis forskyvast opptil ein time i forhold til normaltidspunkt for spisepause (opptil ein time fram eller ein time tilbake) utan at dette vert kompensert økonomisk.
- Tilsette i kontorstillingar på kommunehuset skal framleis ha delvis betalt spisepause i samsvar med forhandlingsprotokoll frå 1987 (samt godkjenning i Formannskapet frå same år). Arbeidstida for denne gruppa er 38 t. 10 min. pr. veke inkludert spisepause (som gjennomsnitt i løpet av eit kalenderår). Denne ordninga gjeld også for følgjande andre grupper:
 - Administrativt personale i pleie og omsorg
 - Tilsette på vaskeriet på Samnangerheimen
 - Reinholdarar
 - Administrativt personale på skulane
 - Administrativt personale på helsetunet
- For tilsette som har ubetalt spisepause, skal tenesta leggast opp slik at dei fritt skal kunna forlata arbeidsstaden i spisepausen. Dersom dette vilkåret ikkje er oppfylt, skal spisepausen vera betalt.
- Arbeidsgjevar avgjer om spisepausen for ei gruppe av tilsette er fritid eller ikkje, ut frå desse reglane og reglane i Arbeidsmiljølova.



Informasjonsnotat/orientering

Frå:

Jan Erik Boge

Orientering om kommunalt frikjøp av tillitsvalde

Saknr/Journalnr	Arkivkode	Dato:
18/610/18/7215//JEB	FE-465	14.09.2018

Følgjande fagforeiningar i Samnanger har i dag ordning med kommunalt frikjøp av tillitsvalde:

- LO-forbunda, 50% frikjøp
- Utdanningsforbundet, 14% frikjøp

Det er no behov for ein gjennomgang på dette området, på bakgrunn av følgjande:

1. Sjukepleiarforbundet har bedt om at også dei får ein frikjøpsressurs. Dei har om lag 30 medlemmer i kommunen, men ikkje frikjøpsressurs for tillitsvald.
2. Utdanningsforbundet har bedt om drøftingar om auka frikjøp (auke til 25% frikjøp). Det har vore gjennomført eit drøftingsmøte med Utdanningsforbundet vedrørende dette. Dei har om lag 60 medlemmer i kommunen.
3. LO-forbunda sitt noverande frikjøp på 50% er basert på at LO-forbunda i kommunen har ein fellestillitsvald, jf. kommunestyrevedtak frå 25.06.2010 (sak 033/10). Eit av LO-forbunda (Fellesorganisasjonen) har no gått ut av ordninga med fellestillitsvald i Samnanger kommune. Det går fram av kommunestyret sitt vedtak frå 2010 at ordninga (frikjøpsressursen) må revurderast dersom LO-forbunda avviklar ordninga med fellestillitsvald.

Vurdering av endringar i forhold til dagens frikjøpsordning bør gjerast i samband med arbeidet med kommunebudsjettet for 2019.

Reglar om frikjøp av tillitsvalde står i den kommunale Hovudavtalen (kapittel B, § 3-3).

- Hovudregelen er at dei lokale partane (kommunen og fagforeiningane) skal bli samde om tal tillitsvalde og frikjøpsordning/frikjøpsressursar.
- Dersom dei lokale partane ikkje kjem til semje om frikjøpsordning/frikjøpsressursar, vil minimumsreglane i Hovudavtalen § 3-3 gjelda:
 1. Ei fagforeining får tildelt ein heiltids tillitsvaldressurs når dei representerer 375 medlemmer,
 2. eller 275 medlemmer og desse arbeider innan dei fleste arbeidsområde og er fordelt på minst 15 yrkesgrupper.

Fagforeiningar med færre medlemmer enn angitt i punkt 1 og 2 ovanfor, får tildelt ressursar i forholdet mellom medlemstalet og høvesvis 375 (1) og 275 (2).

- Dersom organisasjonane i ei forhandlingssamanslutning (for eksempel LO eller YS) vel å ha fellestillitsvald, vil dei ha rett på ein heiltids tillitsvaldressurs når dei representerer 200 medlemmer. Forhandlingssamanslutningar med færre enn 200 medlemmer, får tildelt ressursar i forholdet mellom medlemstalet og 200.

Rådmannskontoret vil ha dialog med fagforeiningane om denne saka utover hausten, og eventuelle forslag til endringar i frikjøp av tillitsvalde vil bli lagt fram i rådmannen sitt budsjettframlegg.



Informasjonsnotat/orientering

Frå:

Jan Erik Boge

Informasjon om ny kommunelov**Saknr/Journalnr**
18/1238/18/7235//JEB**Arkivkode**
FE-000, TI-&00**Dato:**
14.09.2018

Stortinget vedtok i juni 2018 ny kommunelov (Lov om kommuner og fylkeskommuner). I den nye lova er det gjort nokre endringar som vil ha betydning for arbeidsgjevarfunksjonen i kommunen. Nærmare informasjon om dette følgjer nedanfor.

Det er så vidt rådmannskontoret har funne ut, enno ikkje endeleg bestemt når den nye kommunelova skal tre i kraft. Det er sannsynleg at delar av lova trer i kraft sommaren 2019, og resten av lova ved årsskiftet 2019/2020.

Endringar i den nye kommunelova som vedkjem kommunen sin arbeidsgjevarfunksjonEndring av tittel på kommunen sin øvste administrative leiar

I den nye kommunelova er tittelen på kommunen sin øvste administrative leiar endra frå administrasjonssjef til kommunedirektør. Dei fleste kommunar brukar i dag tittelen rådmann i staden for administrasjonssjef, og det kan godt henda at praksisen med å bruka tittelen rådmann vil halda fram også når den nye kommunelova trer i kraft. Nedanfor i notatet har me derfor valt å bruka tittelen rådmann.

Tilsettingsmynde etter kommunelova blir overført til rådmannen

Etter § 13-1 i den nye kommunelova er det rådmannen som har det løpande personalansvaret for den enkelte, inkludert tilsetting, oppseiing, suspensjon, avskjed og andre tenestlege reaksjonar, dersom ikkje noko anna er fastsett i lov. Dette myndet ligg i dag til kommunestyret, som sjølv sagt har høve til å delegera mynde til rådmannen eller andre organ. I Samnanger kommune er i dag tilsettingsmynde for dei fleste stillingar delegert frå kommunestyret til tilsettingsutvalet. Når den nye kommunelova trer i kraft, vil kommunen sitt tilsettingsmynde liggja hos rådmannen. Rådmannen vil også ha høve til å delegera tilsettingsmyndet, for eksempel til einingsleiarane.

Det vil vera nødvendig å gå gjennom og gjera nokre endringar i kommunen sitt delegeringsreglement og personalvedtekter i samband med at den nye kommunelova trer i kraft. Sak om endring av personalvedtektene må leggjast fram for administrasjonsutvalet før den går vidare til kommunestyret.

Administrasjonsutvalet

Det er så vidt rådmannskontoret kan sjå, ikkje gjort vesentlege endringar når det gjeld

administrasjonsutvalet i den nye kommunelova. Det går fram av § 5-11 i den nye lova at det framleis skal vera eitt eller fleire partssamansette utval (administrasjonsutval) i kommunen. Utvalet skal setjast saman av representantar for kommunen og for dei tilsette. Så vidt rådmannskontoret forstår, skal representantane for kommunen vera folkevalde (same ordning som i dag).

Lenke til den vedtekne nye kommunelova

- <https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjonar/Vedtak/lovvedtak-og-lovmerknader/Lovvedtak/2017-2018/vedtak-201718-081/>

Lenke til Prop. 46 L (2017 – 2018) - Forslag til ny kommnelov

- <https://www.regjeringen.no/contentassets/f0964c05be1d4fefb54267e9255bb921/no/pdfs/prp201720180046000dddpdfs.pdf>

Rådmannskontoret vil koma tilbake med meir informasjon etter at det er avklart når den nye kommunelova skal tre i kraft.